

Endringsframlegg til Samfunnsplan styringsmøte 29.09.2021

Til Hovudmål 1.

Delmål 1: Endre starten på første setning: – Aktive og inkluderande lokalsamfunn... til

- *Tryggje arbeidsplassar og levande lags- og kulturliv skaper bygder....*

Delmål 2: Endre start av setning: - Knarvik skal utviklast til eit urbant sentrum, der det er viktig...

- *Knarvik skal utviklast til eit moderne, grønare og berekraftig urbant sentrum, der ein tar vare på og utviklar natur- og friluftsområde i og rundt byen.*

Delmål 3: Framlegg til flg. tillegg:

- *Som ein del av biosfæreområdet Nordhordland skal Alver bli eit modellområde for berekraftig bustadbygging i distrikta, t.d. legg kommunen til rette for moderne buformer som økolandsbyar, klyngetur, husbåtar, minihus og andre formar for berekraftige husvære.*

Delmål 4: Framlegg til innskot i første setninga:

- ... dei inviterer til fysisk aktivitet, *inne og ute*, deltaking og sosial inkludering.

Delmål 5: Framlegg om flg. tillegg:

- *Kommunen skal ha ein variert bustadmasse, og legg til rette for moderne buformer som økolandsbyar, klyngetur, husbåtar, minihus og andre formar for berekraftige husvære.*

Delmål 7: Framlegg til innskot i siste setning:

- aktivitetar som turstiar, *ro- og padlefasilitetar*, leikeplassar, badeplassar eller bibliotek.

Delmål 13: Framlegg til to innskot i målformuleringa og presiseringa:

- Alver sikrar, *natur*, naturverdiar og naturmangfold, og tek vare på verdifull *natur*, kulturlandskap...
- Alver kommune tek grep for å sikre viktig *natur*, naturverdiar og naturmangfold, og skal forvalte verdifullt *natur*, landbruksareal, kulturlandskap...

Delmål 14: Framlegg til endring av siste setning, siste del:

- ... utfordre nasjonal strandsonepolitikk for å *hindre nedbygging og privatisering i strandsona*.

Til Hovudmål 2.

Delmål 25: Framlegg til tillegg:

- Kommunen må ha eit strategisk samarbeid med ulike aktørar som saman bidrar til målretta nærings-, *opplærings-*, *utdannings-* og samfunnsutvikling.

Delmål 26: Framlegg til innskot i siste setning:

- og aktuelle prosjekt kan t.d. vere *Lynghesisenteret*, *Utvandrarsenteret*, *Biosfæreprosjektet*, *lokalmuseum*, *naturskule*, basseng, kulturhus, sherpatrapp-prosjekt, friområde og dagstur/kystled

Leif Johnsen, for MDG, Raudt, SV og V.